

SPORT

TIPS OSS!

57 83 33 33

Send tekst og bilde på e-post:

sporten@firda.no

Tips oss om små og store sportshendingar

Send inn video: firda.no/lesarvideoFacebook: facebook.com/firdamedia

Twitter: @firdamedia

Instagram: @firdamedia



FULL INNSATS: Elevane ved sommaridrettsskulen i Førde er i gang med andre veka med idrett, lek og moro.

ALLE FOTO: KAROLINE ESPELID UELAND

– Vi får lov til å gjere kva vi vil, så lenge vi ikkje slår eller kranclar

30 år med aktivitet

FØRDE: I 30 år har born fylt lange sommarferiedagar med lek og moro på Sommaridrettsskulen i Førde.

KAROLINE ESPELID UELAND
karoline.espelid.ueland@firda.no
993 23 733

– Eg har gledd meg til sommaridrettsskulen heilt sidan eg fekk vite at eg skulle vere med, fortel Tiril Norevik (8).

Elevane ved sommaridrettsskulen har no i snart to veker vore med på forskjellige idrettar som mellom anna symjing, klatring, fotball og bowling. Enthusiasmen blant ungane er stor og energien er på topp. – Eg var med på skulen i fjor også, men kva eg likar best er eg litt usikker på. Kanskje symjing, men eg likar også bowling, turn og klatring, seier Norevik.



HAR GLEDD SEG: Elevar ved sommaridrettsskulen Tiril Norevik(8) og Jenny Leona Larsen Dale(8) har gleda seg lenge til å vere med på aktivitetar som skulen tilbyr.

Borna klatrar i høg fart opp netta i klatreparken, utan å vise det slag av redsel ringer dei i bjella øvst på toppen. Ein av desse er Jenny Leona Larsen Dale (8), som opplyser at ho klatra til topps allereie då ho var seks år gammal. Ho som mange av dei andre elevane kosar seg på idrettsskulen og veit godt kva som ikkje er lov å gjere med

medelevane sine. – Eg synest det er kjempekjekt å vere med både dei andre elevane og instruktørane, vi kan få gjere kva vi vil så lenge vi ikkje slår eller kranclar, fortel Dale.

Kjekk og variert jobb

Sidan oppstarten i 1988 har instruktørane på skulen gjerne vore unge gutar og jenter som



6 ÅR: Fredrik Hanssen er leiår for sommaridrettsskulen og har vore ein del av prosjektet i 6 år.

ønsker å ha ein sommarjobb innan idrett. Instruktørane er dei som har hovudansvaret for ungane og lærer dei øvingane.

Fredrik Hanssen er ein av dei som trufast har kome tilbake kvar sommar i seks år. Han er no leiår for skulen og trivst godt i jobben, så godt at han kjem til å fortsette i jobben i fleire år framover.

I år feirar sommaridrettsskulen 30 år. Tilbodet har vore populært i alle år, og har bidratt til at foreldre med godt samvit kan reise på arbeid og vite at ungane har kjekke og lærerike dagar.

– Den første veka hadde vi 260 elevar frå første til femte klasse, denne veka er det noko færre, men det er framleis eit attraktivt tilbod, seier Tor Starheim i Førde IL.

Fekk inspirasjon heime

I 1987 fekk Tom Farsund, den første daglege leiaren og initiativtakar til idrettsskulen, ein ide om å lage eit idrettstilbod for barn i sommarferien, og året etter var ideen sett ut i live. Han fekk inspirasjonen frå sin eigen familie med ferierende barn mens foreldra var i jobb.

Farsund ville også at ungane skulle få eit sunt forhold til idretten, ein arena for å bli kjend med andre gjennom aktivitet og lek.